



Statens vegvesen

NVE – Region vest
Naustdalsvn. 1b

6800 FØRDE

Behandlende enhet:	Saksbehandler/telefon:	Vår referanse:	Deres referanse:	Vår dato:
Region vest	Janne Grønli / 48024186	18/181470-2	201833840-5	11.10.2018

Uttale – Utvik Elektrisitetsverk – Søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune i Sogn og Fjordane – høyring

Vi viser til e-post datert 20. august 2018 gjeldande søknad om løyve til nye Utvik kraftverk i Stryn kommune i Sogn og Fjordane.

Generelt

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetjing er å leggje til rette for trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Nærføring av kablar

Etter veglova § 32 og § 57 skal ingen føre kablar, leidningar eller anna utstyr over-, under-, langs- eller nærare offentlig vei enn 3 meter frå vegkant utan løyve. Søknad om løyve til slike tiltak over, under eller langs riks- og fylkesveg skal i kvart høve sendast til Statens vegvesen.

Byggjegrænse til veg

Byggjegrænse fastsett i reguleringsplan gjeld for alle byggverk som til dømes transformatorstasjonar, massedeponi, riggområder og oppstillingsplassar med vidare. Der det ikkje fins reguleringsplan gjelder Rammeplanen for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest, sjå vedlegg. For tiltak innafor byggjegrænse til veg som ikkje er fastsett i reguleringsplan, må det søkast om dispensasjon frå Statens vegvesen, søknadsskjema finn de på www.vegvesen.no – skjemaer – søknad om avkjørsel eller dispensasjon frå byggegrense.

Avkøyrslar

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Der det vert behov for ny vegtilkomst langs riks- og fylkesvegar som ikkje er vist i reguleringsplan, utvida bruk av eksisterande avkøyrslé eller mellombels avkøyrslé, må det søkjast Statens vegvesen. Avkøyrslé må utformast i samsvar med handbok N100 Veg- og gateutforming og handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss, desse finn de på www.vegvesen.no – fag – håndbøker.

Spesialtransport

Når store og tunge konstruksjonar skal transporterast må det søkast om eige løyve, søknadsskjema ligg på www.vegvesen.no – veglister/dispensasjonar – søknad om dispensasjon for spesialtransport.

Plan- og forvaltningsseksjonen
Med hilsen

Vigdis Lobenz
seksjonsleiar

Janne Grønli

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.